



Naturvernforbundet

Sogn og Fjordane

Årsmelding 2024

Innhald

Årsmelding 2024	1
Innleiing	2
Prioriterte saker	3
Organisatorisk	3
Årsmøte	3
Styret 2024 (fram til årsmøtet)	3
Valkomite	4
Tilsette	4
Medlemmer	4
Økonomien til fylkeslaget	4
Miljøpolitisk arbeid	4
Førdefjorden	4
Vindkraft	4
Arrangement til lokallaga	5
Naturvernforbundet i Indre Sogn	5
Naturvernforbundet i Sunnfjord	5
Naturvernforbundet i Eid	5
Oppsummert aktivitet for Naturvernforbundet Sogn og Fjordane 2024 ..	7
Økonomi 2024	9
Resultatrekneskap	9
Balanse	10
Noter	11



Bilete: Frå seglas ute i Florø-bassenget

Innleiing

I perioden januar-mars var mykje av aktiviteten til styret knytt til Førdefjordsaka og fjordsøksmålet. Leve Førdefjord-gruppa arbeida godt for å følge opp og synleggjere saka. Styret var også involvert i dette arbeidet. Elles vart det arrangert «Fikselaug» med reparasjon av klede på Nordfjordeid, i samarbeid med fylkeslaget, og ryddedag i Førdefjorden. Styret arbeida også med søknadsskriving om prosjektmidlar i denne perioden, dette står lista opp i årsmeldinga for 2023. På årsmøtet i 2024 vart 4 nye styremedlemmer valt inn i fylkeslaget. Som ein kan lese av årsmeldinga frå 2023 og frå protokollen for årsmøtet i 2024 var fylkessekretær-stillinga redusert til 50% på dette tidspunktet og også sagt opp, med oppseiingstid ut mai månad 2024. Det var også ein del usikkerheit rundt økonomien til laget på dette tidspunktet.

Den første perioden for "nytt" fylkeslag gjekk med til mykje administrativt arbeid. Vi fekk lyst ut fylkessekretær-stilling før sommaren og beslutta å dele opp stillinga og tilby to 50%-stillinger til to kandidatar vi meinte ville utfylle kvarandre godt. Stina Skjerdal starta i 50% stilling som fylkessekretær i september 2024. Etterkvart fekk vi også med oss Allette Alværvik

på laget, ho starta i 50% stilling som prosjektansvarleg 1. desember. Fylkesstyret har også brukt mykje tid på å nøste opp i eldre prosjekt og det som følgjer med av søknadar og rapportering. Vi går inn i 2025 med friskt mot og blanke ark!

Etterkvart som 2024 gjekk fekk vi betre kontakt med dei fire lokallaga våre, og vi fekk også arrangert ei lokallagssamling på Skei i november. Det ønskjer vi å få til i 2025 også, gjerne med ei fast samling kvart halvår.

Prioriterte saker

Årsmøtet i 2024 vedtok at vi held på aktivitetsplan frå 2023, med ei oppmoding om å jobbe særskilt med følgjande saker og eit inkomment forslag:

- Samarbeid og oppfølging av lokallag
- Oppdatere nettsida med informasjon frå både fylkeslag og lokallag
- Forslag: Ta inn styrka forsvar av kyst- og fjordlandskapa, marint vern, samt ta ut Bremangerlandet vedrørande vindindustrisaker, men legge til Stadtlandet og Årdalsfjella.

Organisatorisk

Årsmøte

Årsmøtet fann stad på Førde Camping, den 20. April 2024.

Styret 2024 (fram til årsmøtet)

Leiar	Rigmor Bjørkedal
Kasserar	Jon Anders Stavang
Styremedlem	Håvard Grøteide
Styremedlem	Tone Larsen
Vara	Thorleif Jakobsen
Vara	Anne-Line Thingnes Førsund
Vara	Geir Arne Solheim

Nytt styre etter årsmøte 2024 (noverande)

Leiar	Hanna Lie Bakken	Frå dato: 20. April 2024
Kasserar	Øystein Garfors	
Styremedlem	Håvard Grøteide	
Styremedlem	Hanna Tryggestad Koi	
Vara	Jon Anders Stavang	
Vara	Åsmund Berthelsen	
Vara	Audhild Teigen	
Vara	Hans Petter Galtung	

Valkomite

Vibeke Johnsen	
Jorunn Elfria Sandvik	

Tilsette

Fylkessekretær / prosjektkoordinator	Stina Skjerdal	Tilsett frå 01.09.24 i 50% stilling
Fylkessekretær / prosjektkoordinator	Allette Alværvik	Tilsett frå 01.12.24 i 50% stilling, frå og med 01.04.2025 opp i 100%

Medlemmer

Naturvernforbundet Sogn og Fjordane (NNV SFJ) hadde per 31.12.2024 1028 medlemmer, mot 1018 frå førre år. Vi ønsker å få til ein større vekst i tall medlem i året 2025 med meir aktivitet og målretta tilbod til nye medlemmer.

Økonomien til fylkeslaget

Nytt styre etter årsmøtet i 2024 brukte mykje tid på å nøste opp i gamle prosjekt og særleg økonomien knytt til desse. Vi har løyst fleire saker med Handelens Miljøfond og også fått levert rapportar på eldre prosjekt som gjer at økonomien no er god. Fylkessekretærar jobbar godt med søknadar på friske midlar for å kunne oppretthalde og forhåpentlegvis også utvide arbeidskapasiteten i 2025 og framover.

Miljøpolitisk arbeid

Førdefjorden

Vindkraft

Mobilisering mot vindkraftutbygging i fjella mellom Sunnfjord og Høyanger. Enda med at utbyggjarar trekte saka før den kom opp i kommunestyret i Sunnfjord ettersom det gjekk mot eit fleirtal på nei-sida.

Arrangement til lokallaga

Naturvernforbundet i Indre Sogn

Aktivitetar i 2024:

- Sirkulærdagane, debatt/ arrangement
- Lupinaksjonen 6 stykk var med og rydda + innlegg i sogn avis
- Økofilosofisk tur røvhaugene
- Gammalskøgtur på kaupanger, 2 dagar.
- Medlemsmøte
- Rein Sognefjord
- Grøn fredag
- Miljøprat og mat, fleire arrangement
- Bål-kveldar. Jevnlig
- Markering mot oppheving av vern av vassdrag

Naturvernforbundet i Sunnfjord

- Saker i området for 2024: vindturbinar på Snøheia, fjorddeponi i Førdefjorden og Gondolbane ved Jostedal nasjonalpark. Delteke smått på møter.
- Søknad Håndtverkerløftet saman med Kulturskulen i Sunnfjord og Husflidlaget, der fekk ein tildeling på 500.000kr. Her skal lokallaget bidra eit par kveldar med aktivitet.
- Film: «Skal hilse frå naturen», vist på kino med paneldebatt etterpå, i samarbeid med lokallag i Kinn og fylkeslaget.
- Sendt ut mail til kommunar, skular, barnehagar og kjøpesenter om å plante ut blomster for å hjelpe pollinerande insekt.
- Kontakta veivokter, som sa ja til å utsette kantslått for å hjelpe insekt.
- Kommunen seier dei kan usette slått av grøntareal, men ønsker då at naturvernforbundet skal informere om dette på plakat samt gå ut i media å forklare kvifor. Kommunen får raskt kritikk dersom det ikkje er strigla plen rundt om.
- Handterte to innkommande klager på forsøpling, dette løyst ved å kontakte ein grunneigar som rydda opp alt innan ei veke. Samt kontakta kommunen om den andre saka då den var ganske stor, dei var allereie involvert i ein vanskeleg tvist i den saka det gjaldt.

Naturvernforbundet i Eid

Arrangement:

- **Frivilligkveld på Bryggja Grendahus:**
Her møtes alle lag, organisasjonar og tilsette i Stad kommune. Her hadde vi stand om verving og naturglede.

- **Den årlege fugleteljinga:**
Marit og Thorleif meldte inn antal og sort og det vart ein fin artikkel om det i Fjordabladet i tillegg. Thorleif observerte blant anna ringdue, som ikkje er så vanleg å ha besøk av i hagen.
- **Årsmøte i Plassens Venner:**
Thorleif deltok. Det er utfordring å få nye folk med i styret. Plassen er svært viktig nærnaturområde og mykje brukt. Ligg vakkert ved det verna vassdraget Eidselva
- **Årsdag Markering:**
årsdag for fullskala russisk invasjon av Ukraina på operahuset. Vi hadde stand med fokus på dei store natur øydeleggingane og korleis dette påverkar mennesket og naturmangfaldet. Thorleif deltok.
- **Årsmøte på Bryggja Grendahus:**
same dag hadde P.O.L artikkel i Fjordabladet om temaet «Måsen er våyr». Thorleif bidrog med bilete.
- **Temakveld for Nordfjoreid Sanitet i Eid Rådhus:**
Thorleif viste Power Point om Natur og Kultur mangfaldet i Stad og viktigheita å ta vare på det biologiske mangfaldet i Stad kommune. Tjueseks sanitets damer deltok og Thorleif fekk mykje gode tilbakemeldingar.
- **Stad kommune med temadag om klimatiltak:**
temadagen var i møtelokalet til frivillighetssentralen. Thorleif var der.
- **Den store klesbyttedagen:**
var i møtelokalet til frivillighetssentralen. Galyna Gok var pådrivar. Thorleif var medhjelpar.
- **Telefon oppringing om ny vegtrase:**
i samband av bygging av Statens hus så har det blitt fjerna ein del vakre tre inn mot Valhall. Thorleif var på befaring for å sjå på valet av vegtrase og sende e-post til kommunen, men det var ingenting å gjere med saka. Valhall er viktig samfunns hus for lokal befolkninga.
- **Sommar fest på Badstuplassen i samarbeid med Grøn Integrering:**
vi deltok med snekring av fuglekasser. Det var stort trykk på bygginga av kasser og det er alltid kjekt med samarbeid med Grøn Integrering. Randi Merete, Sigmund Flaten og Thorleif deltok.
- **Befaring til Selje:**
synfaring til ei gamal søppelfyllinga i strandsona med mykje gamle nylontau og plast blant anna. Thorleif tok turen.

- **Innbyggertreff:**
Stad kommune i regi av frivillighetsentral var arrangør. Vi var der med stand og quiz om flaggermus. Thorleif deltok.
- **Den store klesbyttedagen:**
Her var det Galyna Gok som drog i trådane igjen og Thorleif var med å hjelpe.
- **Landsmøte i Trondheim:**
Naturvernforbundet var samla til landsmøte i Trondheim. Heile 150 delegatar frå 70 forskjellige lag var samla for å diskuterte korleis Noreg kan møte natur- og klimakrisa. Det gjev ekstra energi å møte naturvernarar som jobbar for natur glede og vern.
- I over hundre år har vi kjempa for å bevare naturen, slik at den kan gje glede også til neste generasjon. Thorleif deltok.

Synleg i media

- **Bidrag med bilete i Fjordabladet:** avis innlegg av Per Ole Lefdalsnes om vårteikn.
- **Avis innslag:** god auke i medlemmar i lokallaget. Artikkel av Per Ole Lefdalsnes.
- **Ordskitte i Fjordabladet:** Svar på at vindindustrien ikkje skader naturen.

Oppsummert aktivitet for Naturvernforbundet Sogn og Fjordane 2024		
Aktivitet	Skildring	Dato
Rydd Florø- land og Strand	Foreslått av, og på bakgrunn av styrevedtak i april møtet 2024, utarbeidd prosjektskisse av Anne-Line Thingnes Førund, som så har kontakta ordførar og skuleleiing i Kinn, som stiller seg positive og har signert intensjonsavtale. Føresett samarbeid med Kinnlaget som ho også har hatt dialog med. Arbeid starta i 2024, blir fullført i 2025.	Rydd Florø- land og Strand
Dom i Førdefjordsaka	Arrangement i Vevring for lokale støttespelarar: TV2 og BT der. Mange oppmøtte, som i fellesskap såg strøyming av dommen frå NNV i Oslo LF v / Anne-Line TF, Atle Kirkebø og	Januar 2024

	Ole Erik Thingnes.	
Varsel: akutt forureining av Grytaelva og gyteplassen for kysttorsk på Redalsvika	meldt til Sunnfjord kommunen, Statsforvaltaren, Miljødirektoratet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet. Forureining forårsaka av gravearbeid oppe i landskapet av Nordic Mining. Kravet i brevet var stans i arbeidet, undersøking av konsekvensar / skadeverknad, at det vert opplyst korleis “strengt miljøkrav” vert oppfylgt, at kommunen må opprette akutt nummer for forureining / skade på natur og ha beredskap for dette. Oppslag i Firda og på NRK.V/ Anne-Line Thingnes Førund. Kommunen bad NM svare, dei opplyste å ha stansa arbeidet.	Februar 2024
Steinbrotet på Aksla, utskipingskai ved Frøysjøen.	Naturvernforbundet Sogn og fjordane har engasjert seg i saka kring steinbrotet på Aksla. Vi meiner at det planlagde steinbrotet har potensiale for særskilte negative konsekvensar for både kultur- og naturverdiar, då tiltaket rammar bl.a. raudlista regnskog og ligg i eit kystlandskap som også rommar ikonisk naturfenomen som Hornelen og kulturminneverdiar i Vingen, landets 2.største helleristingsfelt. Fylkesstyret har vedteke å gje løyve til at eit juridisk dokument utarbeidd for mogleg omregulering m.m. i Førdefjordsaka, kan nyttast som grunnlag i Aksla-saka.	2024
Filmvisningar: «Skal hilse frå Naturen»	Asgeir Helgestad sin film “Skal hilse fra Naturen” fekk førpremiere i Førde og Florø.	
Ryddeseglas	I samarbeid med Fjordane Friluftsråd hausten 2024.	2024
Rein Sognefjord	Ryddeaksjon langs heile Sognefjorden. Deltakarar frå Indre Sogn lokallag + fylkessekretær og fylkeslagsleiar.	12.september 2024
Klesbyttedag Førde		
Aksjon for Fjella våre	Vindkraftsaka på Snøheia: rett over nyttår skulle saka opp i kommunestyret. Dette førte til eit arrangement ved Førde Torg for å framheve at vi set pris på fjella våre sin fantastiske natur og seier nei til vindkraft på Snøheia. Initiativtakar Helene Ødven (nestleiar) mobiliserte også til å snakke med partia på førehand: Sp, Ap og V. Saka endte med å ikkje komme opp i kommunestyret fordi det var eit stort fleirtal imot, og utbyggjar trekte søknaden nokre dagar før. Det betyr at Sunnfjord kommune	04.01.2025

	ikkje har fått sagt eit tydeleg nei til utbygginga. Planane held fram i Høyanger kommune.	

Økonomi 2024

Resultatrekneskap

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane - Årsregnskap 2024

	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
Inntekter			
Prosjektinntekter	1	372 267	1 207 042
Periodisering av prosjektinntekter			
Inntekter overført fra i fjor			642 799
Driftstilskudd Vestland fylkeskommune		150 000	
Driftstilskudd NNV		125 000	
Medlemskontingent	2	87 279	93 912
Momskompensasjon		140 934	121 469
Andre inntekter	3	19 063	17 782
Sum inntekter		894 543	2 083 004
Kostnader			
Personalkostnader	4	595 067	1 297 265
Lokalkostnader		49 747	91 914
it-kostander, lisenser	5	10 000	305
Reisekostnader		31 702	61 384
Kontorhold & kontorrekvisita		6 244	2 949
Kontorutstyr/møbler		14 876	19 867
Telefon & Internett		28 064	26 616
Arrangement- og aktivitetskostnader	6	178 148	219 351
Møte & kurs		8 796	9 803
Honorar /arbeidstjenester	7	43 710	27 310
Andre kostnader		757	22 709
Sum kostnader		967 111	1 779 473
Driftsresultat			
Netto finansinntekter		401	701
Resultat (overskudd)	8	- 72 165	304 233

Balanse

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane - Balanse per 31.12.2023

	Note	2023	2022
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Andre fordringer	9	215 381	184 921
Sum anleggsmidler		215 381	184 921
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	8	400 000	407 983
Andre fordringer			1 500
Sum fordringer		400 000	409 483
Bankinnskudd, kontanter o.l	10	688 845	809 017
Sum bankinnskudd, kontanter o.l.		688 845	809 017
Sum omløpsmidler		1 088 845	1 218 500
Sum eiendeler		1 304 227	1 403 420
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital 1.1.		667 554	632 220
Årets resultat (overskudd)		304 233	35 334
Egenkapital 31.12	7	971 787	667 554
Gjeld			
Uopptjent inntekt			
Leverandørgjeld		87 587	
Skyldig offentlige avgifter		85 006	41 736
Annen kortsiktig gjeld	10	159 848	694 130
Sum kortsiktig gjeld		332 441	735 866
Sum Gjeld		332 441	735 866
Sum egenkapital og gjeld		1 304 227	1 403 420

Noter

NOTER 2024

Note 1 Prosjektinntekter

Naturvernforbundet sentral	198 725
Vestland Fylkeskommune	273 384
Handelens Miljøfond	425 000
Tilbakebetaling av overskudd til HMF - Plastjakten	- 174 842
Tilbakeføring av Driftstilskudd VFK 2021 - utbetalt og inntektsført i 2022	- 250 000
Vestland Fylkeskommune 2021/18313-36 - Plastjakten - midler trekt tilbake	- 50 000
Tilskudd fra Vestland Fylkeskommune 2020/47447-44 (Biologisk mangfold) - midler trekt tilbake	- 50 000
Sum prosjektinntekter	372 267

Note 2 Medlemsinntekter

Medlemskontingent 2024	90 505
For mye utbetalt i medlemskontingent 2023	- 3 226
Sum medlemskontingent	87 279

Note 3 Andre inntekter

Innbetaling Sunnfjord Kommune	2 900
Norsk Tipping	16 163
Sum andre inntekter	19 063

Note 4 Personalkostnader

Personalkostnader	
Lønn og sosiale kostnader	595 067

Note 5 It-kostnader, lisenser

Abonnement Notion	10 000
Sum It-kostnader, lisenser	10 000

Note 6 Arrangement & aktivitetskostnader

Av arrangement & aktivitetskostnader på 178.148 kr er 150.000 kr betalt til Solund Kommune for aktiviteter ifbm Rydde

Note 7 Honorar/arbeidstjenester

Økonomitjenester 2024	10 000
Samtaleleder Katrine Sele	17 460
Revisjon av Plastjakten	16 250
Sum Honorar/arbeidstjenester	43 710

Note 8 Egenkapital

Egenkapital 1.1.24	971 787
Årets resultat (underskudd)	- 72 165
Sum egenkapital pr 31.12.24	899 622

Note 9 Andre fordringer

Dobbelbetaling til Revisorgruppen - refunderes i 2025	16 250
Sum andre fordringer	16 250

Note 10 Kundefordringer

Vestland Fylkeskommune	200 000
------------------------	---------

Norges Naturvernforbund	228 213
Sum andre kostnader	428 213

Note 12 Leverandørgjeld

Norges Naturvernforbund	10 000
Sum Leverandørgjeld	10 000

Note 13 Annen kortsiktig gjeld

Skyldig feriepengar	18 490
Solund Kommune Ryddseilelast	150 000
Tilbakebetaling av overskudd til HMF - Plastjakten	174 842
Bitpro - internett	2 159
Reiseutgifter Landsmøte 2024	12 870
Kinobilletter - Førde Kino	5 750
Reiseregning "skal hilse fra naturen"	3 932
Samtaleleder Katrine Sele - Honorar	17 460
Reiseregning "skal hilse fra naturen"	2 526
Dobbelbetaling til Stiftelsen Litteraturhuset - refunderes i 2025	- 7 225
Dobbelbetaling til Førde Camping - refunderes i 2025	- 2 454
Sum annen kortsiktige fordringer	378 350

